Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5. Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kvitsöy

Emne: Vannbæring Bygdelag:

Oppskr. av: Martin Reinertsen Gard:

(adresse): Kvitsöy. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja, ein har brukt å bera vatn med vassåk og to bötter Navnet på vassåket er „vass-sele" Typen var den som kviler på skuldrene med ein åpning for halsen midt på vassåket. Ein brukte for det meste tau med jernkroker. Kva tid ein slutta med trebötter er ikkje godt å seia.

2. Det blei også brukt „vass-sele" til å bera melka heim på utenmarka

3. Dette faller nekk her.

4. Det var forskjellig, etter kva vatnet skulle brukas til.

5. Vannbæring er så godt som slutt nå.

3484

6. Kjöring av vatn føregår enda. Då brukes eit stort kar, eller ein kasse som er laga slik at dei passa for sleden eller kjerra.

7. Stort sett har dei fleste fått rennande vatn både i kjöken og fjös. Dei har store sementkummar som dei samla takvatnet i, og dette brukas då. Vannbæring og vannkjöring er helst i törkeperiodane, når desse kummane blir tomme.

3484
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING